



Innst. 122 S

(2015–2016)

Innstilling til Stortinget frå kommunal- og forvaltningskomiteen

Prop. 22 S (2015–2016), kap. 490, 491 og 3490

Innstilling frå kommunal- og forvaltningskomiteen om endringar i statsbudsjettet 2015 under Justis- og beredskapsdepartementet

Til Stortinget

Samandrag

Justis- og beredskapsdepartementet legg i proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingane under diverse kapittel i statsbudsjettet 2015.

Kap. 490 Utlandingsdirektoratet

Post 1 Driftsutgifter

På bakgrunn av auka refusjonar frå politiet, Utlandingsnemnda og Integrerings- og mangfoldsdirektoratet for bruk av Datasystemet for utlandings- og flyktningsaker (DUF), lønnsrefusjonar for utlån av tilsette til andre delar av forvaltninga og auka inntekter som følgjer av formannskap i GDISC i eit år frå oktober 2014, blir det i proposisjonen foreslått å oppjustere løyvinga på kap. 3490 post 5 med 4,2 mill. kroner mot tilsvarande auke på kap. 490 post 1.

Det blir i proposisjonen foreslått å auke løyvinga med 3 mill. kroner til å auke UDI sin kapasitet på logistikkområdet knytt til mottak av asylsøkjarar.

For å dekke inngåtte forpliktingar foreslås posten redusert med 0,8 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 490, post 23 Særskilde driftsutgifter, kunnskapsutvikling.

Samla blir det i proposisjonen foreslått å auke løyvinga med 6,4 mill. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, statlege mottak

Det blir i proposisjonen vist til at anslaget for venta mengd asylsøkjarar i 2015 i Prop. 152 S (2014–2015) blei auka frå 11 000 til 16 000, og i etterkant har auka ytterlegare. Berekningsgruppa for utlandingsforvaltninga understrekar uvisse og anslår innkomstane i 2015 til å ligge i intervallet 30 000–40 000, med eit punktanslag på 33 000. Som følgje av dei høge innkomstane har mottakskapasiteten blitt bygd opp raskt, og det er oppretta mellombels akutt innkvartering. I tillegg har behovet for transittplassar auka, og det har blitt behov for mellombels innkvartering av personar som ventar på å bli registrert av politiet. Auka utgifter knytt til behov for kapasitet i mottak er anslått til 1 439,5 mill. kroner. Som følgje av løyvingsforslag i Innst. 20 S (2015–2016) blir meirbehovet redusert med 48 mill. kroner. Kostnadene knytt til opprettinga av innkomstsentera i Østfold og i Sør-Varanger er estimert til høvesvis 100,6 mill. kroner og 54,3 mill. kroner i 2015. Det blir anslått eit behov på 14 mill. kroner knytt til transport av asylsøkjarar frå Kirkenes. Auka utgifter knytt til å auke tryggleiken på mottak blir anslått til 37,2 mill. kroner. Det er uvisse knytt til anslaga.

På denne bakgrunn blir det i proposisjonen samla foreslått å auke løyvinga på kap. 490 post 21 med 1 597,6 mill. kroner.

Post 22 Særskilde driftsutgifter, tolk og omsetting

Som følgje av kortare og meir effektiv avvikling av intervju blir det foreslått å redusere løyvinga på posten med 13 mill. kroner.

Post 23 Særskilde driftsutgifter, kunnskapsutvikling

Det blir i proposisjonen foreslått å auke løyvinga på posten med 0,8 mill. kroner mot ein tilsvarande

reduksjon på kap. 490 post 1, jf. omtale under kap. 490 post 1.

Post 60 Tilskot til vertskommunar for statlege mottak for asylsøkjarar og flyktningar

Som følgje av auka asylinnkomstar blir det i proposisjonen foreslått å auke løyvinga med 93 mill. kroner.

Post 70 Økonomiske ytingar til bebruarar i asylmottak

Som følgje av auka asylinnkomstar blir det i proposisjonen foreslått å auke løyvinga med 34,4 mill. kroner.

Post 75 Reiseutgifter for flyktningar til og fra utlandet, kan overførast

Som følgje av lågare reisekostnader blir det i proposisjonen foreslått å redusere løyvinga med 3 mill. kroner.

Kap. 3490 Utlendingsdirektoratet

Post 1 Retur av asylsøkjarar med avslag og tilbakevending for flyktningar, ODA-godkjende utgifter

På bakgrunn av lågare del returar til ODA-land blir det i proposisjonen foreslått å redusere løyvinga med 12,6 mill. kroner.

Post 3 Reiseutgifter for flyktningar til og fra utlandet, ODA-godkjende utgifter

På bakgrunn av forslag om reduksjon på kap. 490 post 75 blir det i proposisjonen foreslått å redusere løyvinga med 2,1 mill. kroner.

Post 4 Statlege mottak, ODA-godkjende utgifter

På bakgrunn av forslag om auka løyvingar under kap. 490 post 21, post 60 og post 70, blir det i propo-

sisjonen foreslått å auka løyvinga med 1 495,2 mill. kroner.

Post 5 Refusjonsinntekter

På bakgrunn av auka refusjonar frå politiet, UNE og IMDi for bruk av DUF, lønnsrefusjonar for utlån av tilsette til andre delar av forvaltinga og auka inntekter som følgjer av formannskap i GDISC i år, blir det i proposisjonen foreslått å auke løyvinga med 4,2 mill. kroner.

Kap. 491 Utlendingsnemnda

Post 21 Særskilde driftsutgifter, nemndbehandling, kan nyttas under kap. 491 post 1

På grunn av lågare utgifter til nemndbehandling enn tidlegare lagt til grunn, blir det i proposisjonen foreslått å redusere løyvinga med 2 mill. kroner.

Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Jan Bøhler, Stine Renate Håheim, Stein Erik Lauvås, Helga Pedersen og Eirin Sund, frå Høgre, Frank J. Jenssen, Mudassar Kapur, Bjørn Lødemel og Ingjerd Schou, frå Framstegspartiet, Mazyar Keshvari og leiaren Helge André Njåstad, frå Kristeleg Folkeparti, Geir Sigbjørn Toskedal, frå Senterpartiet, Heidi Greni, frå Venstre, André N. Skjelstad, og frå Sosialistisk Venstreparti, Karin Andersen, handsamar i innstillinga budsjettkapitla 490, 491 og 3490.

Komiteen viser til sine respektive merknader og forslag i Innst. 20 S (2015–2016) om endringer i statsbudsjettet for 2015 under Justis- og beredskapsdepartementet mv. (tilleggsbevilgning som følge av økning i antallet asylsøkere til Norge) og har elles ingen merknader.

Tilråding frå komiteen

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2015 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
490		Utlendingsdirektoratet	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 890 892 000 til kr 897 292 000	6 400 000
	21	Særskilde driftsutgifter, asylmottak, blir auka med frå kr 1 680 500 000 til kr 3 278 100 000	1 597 600 000
	22	Særskilde driftsutgifter, tolk og omsetting, blir redusert med frå kr 55 477 000 til kr 42 477 000	13 000 000
	23	Særskilde driftsutgifter, kunnskapsutvikling, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 4 171 000 til kr 4 971 000	800 000
	60	Tilskot til vertskommunar for statlege mottak for asylsøkjarar og flyktingar, blir auka med frå kr 279 204 000 til kr 372 204 000	93 000 000
	70	Økonomiske ytingar til bebuarar i asylmottak, blir auka med frå kr 422 133 000 til kr 456 533 000	34 400 000
	75	Reiseutgifter for flyktingar til og frå utlandet, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 21 089 000 til kr 18 089 000	3 000 000
491		Utlendingsnemnda	
	21	Særskilde driftsutgifter, nemndbehandling, <i>kan nyttast under</i> <i>kap. 490 post 1</i> , blir redusert med frå kr 11 036 000 til kr 9 036 000	2 000 000
Inntekter			
3490		Utlendingsdirektoratet	
	1	Retur av asylsøkjarar med avslag og tilbakevending for flyktingar, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med frå kr 138 034 000 til kr 125 434 000	12 600 000
	3	Reiseutgifter for flyktingar til og frå utlandet, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med frå kr 22 189 000 til kr 20 089 000	2 100 000
	4	Statlege mottak, ODA-godkjende utgifter, blir auka med frå kr 1 102 345 000 til kr 2 597 545 000	1 495 200 000
	5	Refusjonsinntekter, blir auka med frå kr 11 310 000 til kr 15 510 000	4 200 000

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 7. desember 2015

Helge André Njåstad

leiar og ordførar

